

Arven

Nr. 2 - april 2012 - ekstrasutg ve

Kyrkjelydsblad for Hjartdal, Sauland og Tuddal sokn

Hjartdal kyrkje 200  r 1812 - 2012

Helsing fr 
biskopen i Agder
og Telemark


Hjartdal kyrkje 200  r

Eit jubileum er viktig p 
fleire m tar: D  er det tid
for takk for det som ligg
bak oss, men og for   sj 
framover mot tider som
kjem! Hjartdal gjer nett
d t, og det fortener de
takk og heider for!

Kyrkja p  staden er
sj lve hjartet i bygda. Ho
seier noko om kva vi er
som folk – den talar om
historie og identitet. Den
pregar lokalsamfunnet ved
ganske enkelt   liggje der.
Kyrkjet rnet peikar mot
himmelen og minner om
at vi ikkje lever av br d
 leine. Kyrkjebygget talar
om kor vi kjem fr  og om
v r sj lvforst ing.

Godt jubileum!

Olav Skjevesland,
biskop i Agder og Telemark



Bildet: Hjartdal kyrkje, ein haustdag i 2011

I  r vert det feira 200- rsjubileum for Hjartdal kyrkje. Kyrkja vart bygd ca. 1808-1810, men vart vigsla i 1812. Seinare jubileum har teke utgangspunkt i 1812. Arven f lgjer opp med dette jubileumsbladet! -  ra p  byrjinga av 1800-talet var ei hard tid for landet, med m. . fleire periodar med hungersnaud. Dette skuldast Napoleonskrigane, som skapte elende i store delar av Europa, men ogs   r med mykje uv r og avlingssvikt i store delar av Noreg. Korleis stoda var i Hjartdal er ikkje unders kt n rmare i h ve jubileumsbladet her, men i alle h ve makta dei   reise ei ny kyrkje i desse  ra. Dette var dessutan i privat regi, da kyrkja var blant dei kyrkjene som i lange periodar var privateigde. Kyrkja erstatta d verande stavkyrkje, som var i d rleg stand der ho sto p  den r lendte kyrkjegarden. Vedlikehaldet hadde vel og vore vanskeleg   makte for den private eigaren.

Helsing fr 
Hjartdal
sokner d

Hjartdal kyrkje 200  r

Det er med stor takksem 
og glede me ynskjer vel-
kommen til jubileum i den
 rverdige og fine kors-
kyrkja som me har.

Her har det gjennom
200  r blitt forkynt Guds
ord til glede, oppbyggelse,
og til tr yst i sorgtunge
dagar.   ha ein slik plass
  g  til i livets ulike faser,
har stor betydning for dei
fleste av oss.

La oss hegne om det
folkekj re bygget, og bru-
ke det med respekt og p 
rett m te, for   bevare
kristentrua k ns, ogs  i
framtida.

Velkommen til jubile-
um!

Harald T. L kslid,
leiar i Hjartdal sokner d



Den første kyrkja Stavkyrkja, "Holms kirkja"

Den første kyrkja vi veit om i Hjartdal var ei stavkyrkje. Ho er første gong nemnt, med namnet "Holms kirkja", i eit brev i 1414 frå presten Kjetil Ivarsson.

Etter at kristendomen var innført i Noreg rundt år 1000, vart det etterpå, i høgmellomalderen, stor bygging av kyrkjer over heile landet. Over halvparten av dei var i tre, mest alle av desse i stavteknikk.

Også Sauland og Tuddal hadde stavkyrkjer. Ein kjenner ikkje til når kyrkja i Hjartdal vart bygd, men dei fleste stavkyrkjer vart vel bygd i perioden år 1100-1300. I dag står det att berre 28 stavkyrkjer i Noreg.

Kyrkjenamnet

Stavkyrkja i Hjartdal låg ikkje der kyrkja ligg i dag, men nede på kyrkjegarden. Det skal enno vere restar etter grunnmuren her, nede i jordlaget.

Namnet "Holms kirkja" kan kome av at elva Bjorå i denne tida skal ha skilt kyrkjegarden frå land, slik at kyrkja blei liggande på ein holme.

Garden Holm var prestegarden i Hjartdal, inntil prestebustaden vart lagt til Sauland i 1860 - tilnærma samstundes med at den nye kyrkja i Sauland sto ferdig og Gransherad vart skilt frå i eit nytt prestegjeld (1859).

Kyrkjestaden ligg noko i kanten av bygda. Det kan ha hatt å gjere med at også bygdene Svartdal og Åmotsdal høyrde til Hjartdal i tidlegare tider.

Utsjånad

Ein kjenner ikkje til bilete av "Holms kirkja". Men i biskop Jens Nilssøns visitasbok frå 1595 står m.a. at *"Kirchen har smuke stoler och predikestol och ny loft nedre uti kirchen"*. I L. Dietrichsons *"De norske stavkirker"* står ei omtale frå 1668. Kyrkja var *"...oppbygt av tjuffue Skruv samt Svaller thrindomkring, alle tækt med Spaan ligesom Taget"*.

Kyrkja over i privat eige

I ei lang periode var mange kyrkjer i privat eige, dei vart selt av styresmaktene. Slik og i Hjartdal - frå ca. 1725, og med nykyrkja fram til 1874.

Kyrkjebygget forfell

Det var rålemt der kyrkja låg. Kyrkemuren seig ned, grunnstokkar råtne, kyrkja vart stadig dårlegare. Dei private eigarane utbetra noko, men makta ikkje større utlegg. Så kom krav om ny kyrkje, og stavkyrkja vart til slutt riven i 1808-1809.

Kjelder: AH. A 6/1962.

"Nykyrkja" - jubileumskyrkja

I artikkelen ved sida går det fram at stavkyrkja i starten av 1800-talet var i dårleg stand. Så forfallen skal ho ha vore at ho var sett på som farleg å opphalde seg i. Dette var og på ei tid det ikkje var stor kunnskap om verdien av dei gamle stavkyrkjene. Kunnskapen vart meir kjend seinare, t.d. da stavkyrkja i Sauland vart riven i 1860 - diskusjonane der omhandla m.a. slike spørsmål.

Ny kyrkje

Avgjersla om å bygge ny kyrkje vart teken i 1803, men arbeidet kom først i gang i 1808. I 1809 kom kyrkja noko i bruk, men offisielt vigsla vart ho først i 1812, den 12. juli, av biskop Chr. Sørensen.

Den rålemtte grunnen nede på kyrkjegarden, der gamlekyrkja sto, gjorde at nykyrkja vart bygd lenger opp i bakken, der ho står i dag.

Mange kyrkjer i landet var i privat eige ei lengre periode. Det var Johannes H. Uvås som eigde stav-

kyrkja i Hjartdal, og det var også han som kosta den nye kyrkja.

Dengong var det ikkje arkitektar i Noreg, byggmeistrane sjølve sto truleg for det meste av løysing og utforming. Byggearbeidet vart utført av Halvor Høgkasin, som nokre år tidlegare hadde bygd nykyrkja i Tuddal.

Ei korsforma kyrkje

Kyrkjene har gjennom åra vore bygd på ulikt vis. Nykyrkja i Hjartdal fekk korsform, dvs. forma til det som kallast gresk kors, med fire like armar. Ny kyrkje var bygd i Skien nokre år tidlegare, etter ein bybrann. Truleg var nykyrkja der eit førebilete for Hjartdal, og for Tuddal litt før. Kyrkja fekk 220 sitteplassar.

Korsforma var grei å utføre i tømmer, men det har nok også vore eit ønske i seg sjølv med korsform.

Lysestakar og sølv vart med over til nykyrkja, medan døypefonten frå stavkyrkja står på Norsk folkemuseum.

Kjelder: AH. A 8/1958, 6/1962.

Professor C. Norberg-Schulz:

"... de er i virkelig forstand kirker ..."

Kyrkjene som Rønjom og Høgkasin bygde (sjå artikkelen ved sida av) har gjennom den greske korsforma og det kronande midttårnet ein tidlaus verdi. Kyrkjene har sterke og lett fattbare former, basert på arkitektoniske arketyper. Forma gjer dei til symbolske, samlande landemerke, og gjev kyrkjene ei vesentleg, stadskapande rolle.

Dette skriv Christian Norberg-Schulz (CNS, 1926-2000, professor i arkitektur). Han skriv vidare at når ein går inn i desse kyrkjene, gjev kyrkjeromet med himmelkvelvd tak, omsluttande galleri og altarvegg med preikestol i fokus midt i mot, ei overtydande kjensle av å ha "kome fram". Difor er desse kyrkjene i verkeleg forstand kyrkjer. Korsforma fastheld himmelretningane, tårnet forbind himmelen med jorda.

CNS ser likevel ikkje desse tidlausa symbola som mål i seg sjølv, men ser dei brukt som bakgrunn for ordet, som trer fram med altarveggen med preikestolen.

CNS skriv også om Høgkasins vakre treskurd i Hjartdal kyrkje, og dei umåla treveggene med sin varme, einheitlege atmosfære.

Kjelde: CNS

Byggmeisteren

Halvor Høgkasin

Halvor Høgkasin, husmann og snikkar, fekk oppdraget med nykyrkja. Han hadde bygd Tuddal kyrkje i 1796, og hadde godt ry på seg som handverkar. Han fekk stor ros også for arbeidet med Hjartdal kyrkje.

Han var døypt i 1756. Etternamnet tok han som vaksen etter plassen han leigde eller kjøpte under Lonar, ein plass han kalla Høgkasin.

Christian Norberg-Schulz (CNS, sjå omtale til v.) skriv at Høgkasin må ha arbeidd i lag med og lært hos den kjende byggmeisteren Jarand Rønjom frå Åmotsdal. CNS meiner Rønjom har bygd eit av den norske trearkitekturens viktigaste verk, eit loft på Kleivi i Åmotsdal. Han bygde også kyrkjene i Åmotsdal og Vinje.

Kyrkjene i Rauland, Tuddal og Hjartdal vart bygd av Høgkasin, etter klar påverknad frå Rønjoms idéar. Alle kyrkjene har den greske korsforma, og andre felles kjenneteikn.

Kjelder: AH. CNS.

"... Kirken vil alltid bestå av mennesker med feil og mangler, som hos folk flest. Det avgjørende er at det ikke er mennesker vi bygger troen på i kirken, men Gud."

Steinar Ekvik, sokneprest i Kråkerøy, i avisa Vårt Land, 2011

1812 - ei naudstid i Noreg

Napoleonskrigane (1800-1815) vart ei katastrofe for mykje av Europa, også for Noreg. I 1807 vart forsyninga av korn frå Danmark broten, med hungersnaud, sjukdom og død som konsekvensar. Forholda vart betre i 1809-1810, men forverra seg att i 1812. Importproblem med korn, elendig sommarvêr, avlingssvikt og tidleg kulde ga ny hungersnaud i landet på slutten av året og inn i 1813 - da landet også i realiteten var konkurs, på line med Hellas i dag. - Henrik Ibsens seinare dikt om Terje Vigen har handlinga si frå desse vanskelege åra.

Naudsåra knytte folk i Noreg saman. Mange velståande prøvde lindre nauda hos dei fattigaste. Friviljuge drog rundt med hestar og såkorn. Samlande institusjonar kom til nettopp i desse åra, som Selskapet for Norges Vel (1809) og landets første universitet (Oslo 1811), og i 1814 samla nasjonsfedrane seg på Eidsvold. Ny kurs skulle stakast ut for eit prøva folk.

Korleis stoda var i Hjartdal desse åra, er ikkje undersøkt i høve bladutgåva her. Men kanskje vart bygginga av nykyrkja nettopp ei slik samlande handling lokalt i ei vanskeleg tid.

Kjelde: Aftenposten

Misjonshuset i Hjartdal

Der det er gamle kyrkjer vart det på 1900-talet mange stader bygd menighetshus/kyrkjelydshus nær kyrkja. Husa har ofte møterom, forsamlingsrom, øvingsrom for kyrkjeor, klubbrom, kjøken o.l. Dei vart oftast bygd og er drifta ved innsamla middel.

Sokna i Sauland og Tuddal har slike hus. Hjartdal har det ikkje, men har til gjengjeld Misjonshuset, som fyller denne rolla attåt si eiga opphavlege rolle som bedehus. Huset vert bruka til møte, søndagsskule, ulike arrangement, ungdomsklubb, og mykje meir.

Huset vart bygd i 1939. Aanund Hardang skriv i Arven i 1962 at det skulle vere eit bedehus for dei kristelegge laga. Det var dei lokale laga indremisjonslaget, avholdslaget og kristeleg ungdomslag som sto bak bygginga, og huset vart reist med innsamla middel.

I dag er det indremisjonen att - no som Hjartdal Normisjon - som eig og driftar huset. Gjennom åra er det gjort fleire store ombyggingar og tilbygg, lagt inn vatn og avlaup for kjøken og toalett, osb. - siste storarbeidet med huset var i 1994. Alt er kosta med dugnader og innsamla middel.

Kjelder: A 6/1962, 10/1994. ITN.

Da lonargrendingane ville flytte kyrkja

I 1884 laga folk i Lonargrenda underskriftsliste for flytting av kyrkja til ein annan plass i bygda. Det vart hevda at vegen til kyrkja var lang, og ho sto "ubekvemt til" pga. dei bratte bakkane - ikkje berre for Lonargrenda, men og for mange andre. Dei meinte også at kyrkjegarden låg ulagleg til, gravene var ofte halvfulle av vatn. Lista fekk mange namn, også utanfor Lonargrenda, og vart handsama i herrestyrelsen, som det heitte dengong (kommunestyret).

I 1890 står det i avisa Varden at "... Vor kirke er nu endelig kommen under reparation. Det var længe før det blev noget af, som følge af, at herrestyrelsen holdt på at trætte om, enten den skulde flyttes eller ei, det endte med, at den skulde staa, der den staar og repareres. (...) saa slipper vi da at skamfryse, som vi har gjort. Der har ikke været kakkelovne i kirken og veggene har været saa daarlige at sneen

mangesteds har kommet ind. Man kan deraf vide, hvor elendigt folk har frosset, naar de midtvinters har siddet stille og hørt på prædikenen".

Det var nok i høve diskusjonane om flytting, reparasjon av kyrkja osb. at Lonargrenda si soknetilhørigheit vart flytta frå Hjartdal til Sauland sokn - istaden for at kyrkja vart flytta.

Kjelder: BA. V.

Ei segn om Gunne, Mælefjell og kyrkja

Noreg har mange segner om riser og troll, gjerne knytt til naturformasjonar, ofte og til kyrkjer. Hjartdal har ei segn i fleire variantar om Gunnegrov i Mælefjell og "trollsteinen" på Sud-Risvoll. Ein av dei går slik:

Trollkjerringa Gunne i Mælefjell kasta stein etter kyrkja, ho likte ikkje lyden av klokken. I kastet datt ho bakover. Tung som ho var, vart det ein dal i fjellet, som har fått namnet Gunnegrov.

Kjelde: H-soga

1888 og 1941

Ombygging - og tilbakeføring

Ombygging, 1888

I 1888 vart kyrkja ombygd. Frå avisclipp frå den tida kan det tyde på at kyrkja var trekkfull, kanskje og nedsliten. Ho var åtti år gamal, og kanskje ikkje dei private eigarane (til 1874) hadde så godt høve til vedlikehald. Nye tider var det og. Det prega nok også motivet for ombygging etter nye byggeskikkar.

Altarveggen i den austlege krossarmen, det gamle altaret og prekestolen vart fjerna. Inn kom ei gotiskprega altartavle og prekestol. Galleria vart endra og gjort høgare, eit nytt sakristi kom på nordsida av bygget. Vindauga fekk ein trekanta "toppgavl". Det kom dører også i nordlege og sørlege korsarm. Og kyrkjerommet vart måla.

I ein artikkel frå 1940 om ombygginga skriv arkitekt Wilhelm

Swensen (1894-1966) ganske kritisk om arbeida som vart utført den gong. Synet hans kjem fram m.a. i omtala av døypefonten: "... døpefatet bestod av en vanlig emaljert vaskebolle med blå kant, et forhold som kanskje best belyser den nedverdige kirken hadde vært gjenstand for."

Ein kan på andre sida og seie at hendingar må sjåast bl.a. ut frå si eiga tid. Ein må tru at dei også i 1888 meinte dei gjorde det rette med kyrkja.

Tilbakeføring, 1941

Fleire må ha hatt syn for at kyrkja måtte få att sin opphavlege utsjånad. Soknerådet tok opp arbeidet i 1941, med arkitekt Swensen (WS) som leiar for arbeidet. WS skriv i 1940 utførleg om kyrkja slik ho var, slik ho vart i 1888, og om tilbakeføringa. Han skriv m.a. at "... en rekke av skjæringene fra alterveggen samt prekestolen var i behold, og ... spor i tømmerveggen muliggjorde en rekonstruksjon av alterveggen". H. Høgkasins treskurdarbeid på altarveggen er detaljert omtalt, det "... lyser av skjønnhetsglede."

Det gamle altarbordet og døypefonten kom og inn att. Spissane over vindauga vart fjerna, og ikkje minst vart veggmålinga fjerna. Benkar vart laga etter motiv frå Tuddal kyrkje. Mykje anna arbeid vart og gjort da i 1941.

Kjelde: WS



Bildet: Misjonshuset i Hjartdal i dag.

Kyrkjebygget 1812-2012

I åra etter at kyrkja vart bygd har det skjedd smått og stort av arbeid med bygget. Opplysningane her er ikkje fullstendige, men gjeld det Arven har hatt høve til å finne ut av.

1812: Året da kyrkja vart vigsla, etter at ho var ferdig i 1809 (1810). (A 8/1958)

1888: Ombygging av kyrkja (sjå s. 3).

1941: Tilbakeføring etter den ombygginga som vart gjort i 1888 (sjå side 3).

1955: Elektrisk oppvarming kom truleg no. Arven omtalar i 1954 ein plan for det, og Sauland og Tuddal kyrkjer fekk det i dette året (1955).

(A 10/1954, 6/1996, 5/2009)

1962: Ny altartavle. (Sjå til h. på sida.)

1966: Flaumljos installert, for utvendig belysning av kyrkja. (A 8/1966)

1974: Kyrkja måla utvendig. (A 7/1974)

1980: Sakristi og rom for dåpsfolk får nye møblar, gardiner, speil m.v.

(A 10/1980)

1986: Rommet over sakristiet og rommet for dåpsfolk vert innreidd, med golv, veggpanel, møblar, arkivskåp o.a. (A 4/1987)

1991: Kyrkja måla utvendig. (A 8/1991)

2004: Nye varmeomnar under kyrkje-benkane (erstattar gamleomnane).

(A 5/2004)

2011: Kyrkja måla utvendig. (GT)

Området rundt kyrkja

Opplysingar frå tidlegare Arvenblad om andre tiltak, i området ved kyrkja:

Bårehus: Eit lite bårehus rett aust for kyrkjebygget vart sett opp i 1965. I 1997 vart det erstatta med eit nytt, lenger frå kyrkja, så parkeringsplassen vart betre. Huset har og personalrom, og toalett for besøkande til kyrkja.

(A 3/1965, A 5/1997)

Steingard, gjerde: I 1991 vart steingarden ved kyrkja forlenga, og nytt stakittgjerde sett opp. (A 1/1992)

Ljos langs vegen ved kyrkja: Ljos vart sett opp her i 1995. (A 1/1996)

Parkering, kyrkjebakke: 2008: Meir parkering tillaga, aust for bårehuset. Uteareal utvida, for nytt våpenhus. (A 5/2008)

Kyrkjegarden: Denne har ikkje Arven hatt høve til å finne ut så mykje om til bladet her. Men han må reknast å vere frå første tid her var kyrkje i bygda.

Minnesmerke, bondeopprøret i 1540:

I 1540 vart 5 bønder avretta nær kyrkjegarden, etter styresmaktene sin dom om opprør. Minnesmerke vart sett opp i 1990, på parkeringa ved kyrkja. (HHL)

Kyrkjeparken: Området mellom kyrkja, kyrkjegarden og elva er opparbeidd til parkområde. Arbeida skjedde i hovudsak i 1991-1992, ved private gaver mest, og noko offentleg tilskot.

(A, åra 1990-1992)

Utstyr, gjenstandar og inventar i kyrkja



I ei kyrkje er det behov for gjenstandar og inventar, til liturgisk bruk, til praktiske føremål, eller fordi ein vil forskjone kyrkjeromet.

I Hjordal er mykje av dette gjennom åra gitt som gaver frå ein-skildpersonar eller frå foreiningar. Det syner at mange i bygda har hatt omsorg for kyrkja.

Det vil føre for langt her å rekne opp namna på dei som har vore med og gitt, og kven som har laga gjenstandane. Arven har heller ikkje opplysningar om alle gjevarar og tilverkarar. Opplysningane her om kva som fins, er nok heller ikkje fullstendige, men det er så langt Arven har hatt høve å finne ut av.

Med frå stavkyrkja

Døypefonten frå stavkyrkja er på Norsk folkemuseum, men nokre gjenstandar kom med til nykyrkja. Dette gjeld ein kalk (beger for nattverdsvin), ein ask for oblatar (nattverdsbrød) og to messingljosestakar.

Den eine av dei to kyrkjeklokkene skal vere frå 1450, og må då ha følgd med frå stavkyrkja.

Nykyrkja

Attåt det som følgde med frå stavkyrkja, har kyrkja i dag m.a. følgjande gjenstandar og utstyr:

Ark. Swensen skriv i høve restaureringa i 1941 at "... en rekke av skjæringene fra alterveggen samt prekestolen var i behold", frå det som H. Høgkasin opphavleg laga.

Orgel: Kor lenge det har vore orgel i kyrkja har ikkje Arven funne ut, men det kom nytt harmonium til 150-årsjubiléet i 1962. Dette vart bytta ut i år 2000, med eit 9-stemmers pipeorgel frå Spigseth.

Bildet over:

Frå kyrkjeromet i Hjordal kyrkje, mot altar og altarvegg med preikestol.

Bildet under:

Altartavla, måla av Terje Grøstad.



Altartavla, med eit 5-delt motiv, kom og til kyrkjejubiléet i 1962.

Døypefonten i tre og dåpsfatet i tinn er frå 1826. Her er og dåpsmugge og fat, nattverdutstyr og to små bord til å sette nattverdsbegrå på.

Her er fleire ljosestakar attåt dei to frå stavkyrkja, og ljosekrone.

Høgtalaranlegg: Sist fornya i 2005.

Lesepulten er frå 1985. To dreia bollar til offer/kollekt er frå 1986.

Det er to altardukar, frå 1974 og 1988. Av messehaklar (kapper i dei ulike kyrkjeårsfargane) er her ein gamal haket i raudt, ein grøn/kvit frå 1971, og ein lilla frå 1986. I høve den nyaste vart det og laga stola (band over skuldra på prestedrakta), og preikestolklede.

Adventstake frå 1989, stake til "Betlehemsloset" frå 1999 (i høve tusenårsskiftet), og lysglobe frå 2003 er alle tre laga i smijern.

Prosesjonskorset er frå 1999.

Attåt kyrkjeklokka frå stavkyrkja er ei nyare klokke frå 1924.

Kjelder: AH. A 5/1971, 1/1974, 2/1985, 1 m.fl. /1986, 1/1990, 9/1991, 10/1999, 1/2000, 4/2000, 5/2003. VK. WS. BK. KF.

Prestar i tida 1812 - 2012

Den første presten som er skriftleg omtalt, er Kietil Ivarsson, nemnt som prest i 1427. Namnet er og nemnt i 1388, blant vitna i ein gardhandel på Lonar. Det er få nedskrivne opplysningar om prestane. Namna på alle etter 1300-1400-talet og Kietil Ivarsson er likevel kjende, og også nokre opplysningar om dei. Av plassomsyn i bladet omtaler vi prestane berre frå åra 1812–2012. (I parentes: Åra den einskilde arbeidde her).

Christian S. Bloch (1794-1806)

Han hadde slutta som prest da nykyrkja vart bygd, men nemnast fordi han var her i ei tid da han må ha teke del i sakene om bygging av ny kyrkje - også i Tuddal (ny kyrkje i 1796).

Johannes H. Lind (1806-1819)

Lind var her da kyrkja vart bygd og da ho vart vigsla. Han arbeidde som prest her i 13 år, til han døydde.

Herman C. Meldahl (1819-1828)

Små inntekter av jordbruket og lite i tiend sette ofte prestane i pengeknipe - også Meldahl. Prosten skriv likevel att Meldahl "lægger Vind på at forrette sitt Embede med Duelighet".

Søren H. Finchenhagen (1828-1857)

Finchenhagen var her i 29 år. Første kona døydde ung. I sine to ekteskap fekk han 17 barn, 11 levde opp. Han var lærd og noko streng, men kom tåleg godt utav det med bygdefolket. Ein del av slekta etter han har vorte buande i Hjørtal.

Adolph J. Boye (1858-1859)

Boye var her kort tid, og slutta like før kyrkjevigslinga i Sauland i 1859.

Carl A. Lexow (1859-1874)

Han vart den første presten som budde på og dreiv prestegarden i Sauland, etter at den faste prestebu-

staden i 1860 vart flytta frå Hjørtal. Han blei godt kjent med bygdefolket, og var ein flink bonde.

Boye Ording (1874-1880)

Ording var og prost i prostiet. Han likte m.a. å tale for ungdom, og var interessert i skulen og lærararbeidet.

Ole Asperheim (1880-1884)

Han var først prest i USA, men kom tilbake til Noreg, som prest i Hjørtal. Han hadde dårleg hjarte og slutta her etter 4 år. I tida her dreiv han m.a. og med snekring og smiing.

Peter H. Lexow (1884-1911)

Han var son til C. A. Lexow, tidlegare prest her, og hadde derfor budd her før. Han var aktiv i "styr og stell", dreiv songkor, handla med skog, eigde garden Tjønnås og var med og bygde nåverande Tuddal høgfjells-hotell. Han var og prost ei tid.

Johan Th. Thistal (1911-1928)

Han skal ha vore ein "skarp kar", og følgde m.a. godt med i skulen, der det og hende han gav pedagogiske råd.

Halvor B. Sigurdson (1929-1934)

Sigurdson var m.a. med og fekk reist Sauland menighetshus.

Konrad Oudenstad (1934- 1935)

Han var vikarprest i ca. 1/2 år.

Christoffer K.Kobro (1935-1948)

Kobro var her som prest også ei tid inn i krigen, men vart bortvist av styresmaktene i mai 1944. Da vart ein som heitte Flatin tilsett som prest i Kobros stad. Kobro kom att som prest ved freden i 1945.

Aasulv Austad (1948-1969)

Austad starta kyrkjelydsbladet Arven i 1949. Han var i tida si her også prost for Aust-Telemark i 10 år.

Kjell Clausen (1969-1977)

Clausen var fødd i India og var og misjonær der i fleire år. Etter Hjørtalsåra var familien ofte på hytta i Tuddal, og han vikarierte da av og til som prest i dei tre Hjørtalssokna.

Knut Flø (1977-1983)

Han har m.a. uttalt at han som sunnmøring her i Hjørtal fekk møte både gamal telemarkskultur og den andelege påverknaden frå Langesundsfjorden Indremisjonsselskap.

Bjarne Kleivane (1983-2011)

Kleivane er fødd i Gjerstad, dit han og kona har flytta etter at dei gjekk av med pensjon i 2011. Før Hjørtal var han prest i Malvik og Vadsø, har og undervist i skuleverket, tatt studier utanlands, mv. Han og kona Aud f. Netland har 4 born. Famillien vart godt kjende med bygdefolket i åra her.

Morgan Thorsen (2011-)

Han er fødd i Sandefjord og arbeidde først som fagutdanna i skipsindustrien, før utdanninga som teolog/prest. Etter feltprestvirke arbeidde han i Rjukan/Tinn frå 1987, sist som fung. sokneprest, før han kom til Hjørtal.

Kjelder: AH. H-soga. A 4/2011.

"I kyrkja - men ikkje under kyrkja"

Kristeleg organisasjonsarbeid i Hjørtal i dag

I rundt 160 år har mange organisasjonar, der medlemene også er medlemmer i Den norske kyrkja, drive kristent arbeid som ikkje er styrt av kyrkja. Dette er ofte kalla "å vere i kyrkja, men ikkje under kyrkja". Slik er det også i Hjørtal, som har desse organiserte laga (mars 2012):

Søndagsskulen

Søndagsskulen har 10-12 samlingar årleg på Misjonshuset. Dei deltek på familiegudstenester og blir kjend med gudstenesten og kyrkja, har turar, arrangement o.a. Dei følgjer opplegget "Sprell levende" frå Norges Søndagsskoleforbund. For tida er to vaksne leiarar og 18 born med.

Misjonsforeiningar

NMS (Det norske misjonsselskap): NMS har ca. 2000 lag og grupper, for born, unge og vaksne. Hjørtal

fekk i 1933 si lokalforeining. Dei har månadlege møte, turar, og eit årleg møte på sjukeheimen. Med forbøn og pengar stør dei arbeidet NMS driv i 13 land: Utdaning, helsetiltak/diakoni og evangelisering.

Normisjon: Hjørtal indremisjon, no Hjørtal Normisjon, vart skipa i 1930. Ei foreining i Santalmisjonen vart skipa i 1991, i høve Synøve Vålles arbeid som misjonær i Bangladesh. Denne heiter i dag Normisjons vener. Foreiningane har jamnleg møte, arrangement og turar. Dei stør Normisjon i Noreg og utlandet med forbøn og pengar. - Hjørtal Normisjon eig også Misjonshuset.

Fellestiltak med pinsemenigheten

Finnbekk: I fleire år har Normisjon og Betel i Hjørtal samarbeidd om ungdomsklubben Finnbekk. 20-40



Misjon frå Noreg, misjon elles i verda: Brasil er no det landet som sender ut flest misjonærer. Bildet: Elevar på ein bibelskule i Brasil. Foto: NMS

ungdomar frå alle tre bygdene, frå andre plassar og, samlast annankvar fredag - eit år på Betel, eit år på Misjonshuset. Ein kan vere saman og prate, spele spel, høyre eller spele musikk, ete pizza og anna. Kvar samling har andakt.

Fellesmøte: Normisjon og Betel har lenge hatt ei årleg veke med fellesmøte.

Kjelder: NMS. A 6/1979, 3/1996, 5/2000. VR. HT. SAa. BAa. HTL.

Lokalorganiseringa av kyrkja

Frå kyrkja var ny i Noreg, rundt år 1000, styrde ho seg sjølv. Etter reformasjonen i 1537 vart kyrkja på sett og vis overtatt av staten/kongen (statskyrkja). Lokalt fekk presten som statstilsett embetsmann mykje ansvar.

Med formannskapslova i 1837 fekk kommunen (heradet) ein del oppgåver som kyrkjestyre. Noko vart så lagt til dei nye menighetsmøta i 1870, seinare til dei nye sokneråda som vart lovpålagde i 1920.

"Statskyrkja" inneber at kommunane skal løyve årleg budsjett til nærmare definerte sider av kyrkje- og kyrkjegardsdrifta. (Andre trus- og livssynssamfunn får tilsvarande stønad). Etter den nye kyrkjelova frå

1997 skal budsjettforvaltninga skje i fellesrådet i kvar kommune.

Soknerådas hovudføremål lyder slik i 1997-lova: "...Menighetsrådet (soknerådet) skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet." (Fleire delføremål er deretter rekna opp i lova).

Hjartdal sokneråd

Som nemnt har det vore sokneråd (menighetsråd) i Noreg frå 1920. I høve kyrkjejubiléet har Arven laga eit "historisk oversyn" over leiarane i sokneråda i Hjartdal 30 år bakover i tid, så langt som ein har hatt høve til å finne opplysningar om det til denne utgåva av Arven.

Gro Hovden (1982-1985)

Aslaug Langåsdaalen (1986-1989)

Ingerid Tora Nordbø (1990-1994)

Irene Groven (1995)

Ingerid Tora Nordbø (1996-1997)

Harald T. Løkshid (1998-2005)

Brit I. Hjartstjø (2006 - okt. 2009)

Signe M. Aamaas (nov.2009-okt.2011)

Harald T. Løkshid (nov. 2011 -)

Hjartdal kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet gjeld og Hjartdal sokn. Difor nemnast leiarane også der, dei åra rådet har vore: Frøydis Hagene Skoje 1992-1993, Thorbjørn Aamaas 1994-2001, Anund Sisjord 2002-2005, David Mundal 2006- okt.2009, Sigrid Bekkhus (nov. 2009 -).

Kjelder: A 1982-2012.

Tilsette i kyrkja

Attåt prestane har det lokalt i Den norske kyrkja lenge vore stillingar også som organist, kyrkjetenar/gravar og klokkar, i mindre sokn oftast som deltidstillingar. Desse tilsette har og lokal arbeidsgjevar. I Hjartdal i tida 1920-1996 var dette sokneråda. Prestane var lenge statstilsett, no er dei tilsett hos bispedømet.

Med ny kyrkjelov i 1997 kom det i kvar kommune ei tilsett kyrkjevevje, med dagleg arbeidsgjevaransvar for tilsette utanom presten i alle sokn i kommunen. Dei tilsette er ikkje lenger tilsett ved eit bestemt sokn/ kyrkje. Som "styre" for kyrkjevevja og tilhøyrande arbeidsområde måtte kvar kommune nå ha eit kyrkjeleg fellesråd, felles for alle sokna. I vår kommune er dette Hjartdal kyrkjelege fellesråd (oppretta allereide frå 1992).

Hos kyrkjevevja er det frå 1999 ei deltid sekretærstilling, særleg tilknytta budsjett- og rekneskapsarbeid.

I 2003 kom ny diakonstilling, delt på sokna i Hjartdal og Heddal. Løna er 50% frå bispedømet, 50% lokalt. (Pr. mars 2012 er ingen tilsett i stillinga, og stillinga er under omorganisering.)

Arven har laga eit lite "historisk oversyn" over tilsette (dei fleste i deltidstillingar). Dette gjeld for dei seinare åra, den tida som Arven har hatt høve til å finne ut av no.

Tilsette ved Hjartdal kyrkje (utanom prestane), i seinare år:

Klokkarar

Olav Bratsberg (1964-1990)

Aslaug Langåsdaalen (1990-2007)

2007 og framover: Stillinga ubesett.

Kyrkjetenarar/ gravarar

Gunnar Lofthus (hos Hj. sokn: 1972-

1996. 1997-2006 tilsett hos felles-

rådet, 2006-2009 som handverkar)

Gunvald Tho (tilsett 2006 hos felles-

rådet, primært ved Hjartdal kyrkje

(Jon Bekkhus og Ragnar Nørstrud

er primært h.h.vis ved Sauland

kyrkje og Tuddal kyrkje).)

Organistar

Ingerid Tora Nordbø (1948-1999)

Knut Arne Snøås (1999-2010, tilsett

hos fellesrådet for alle tre sokna)

Torild Møinichen Skårdal (2010 til-

sett hos fellesrådet for alle tre sokn)

Kyrkjevevje

Fram til 1997 og ny kyrkjelov var

kyrkjevevje eit uløna verv i kvart

sokn. Ca. 1990-1996 hadde Hjartdal

kommune nokre av oppgåvene.

Arven har for bladutgåva her ikkje hatt høve til å undersøke kven som hadde vervet før 1997 og ei tid bakover.

I løna stilling frå 1997, tilsett hos

fellesrådet for alle tre sokna:

Frøydis Hagene Skoje (1997-1999)

Arild Bjørnstad (1999 -)

Sekretær på kyrkjevevjekontoret

Kjetil Frøland (1999 -)

Soknediakon

(felles for sokna i Hjartdal og Heddal):

Roar-Magnus Helganger (2003-2009)

Siri Hansen Seltveit (2010-2011)

(Pr.mars 2012: Ingen tilsett i stillinga)

Kjelder: A 2/1990, 10/1998, 3/1999, 3/2006, 3 og 5/2009, 2 og 4/2010, 1/2012, KF.

Bilda: Tilsette i dag, med arbeidsoppgåver knytta til Hjartdal sokn.

Frå v.: Organist Torild Møinichen Skårdal, sokneprest Morgan Thorsen, kyrkjetenar Gunvald Tho, sekretær hos kyrkjevevja Kjetil Frøland. Bildet under: Kyrkjevevje Arild Bjørnstad.



Kyrkjeleg verksemd gjennom åra

Hjartdal har hatt, og har, eit mangfald av kristeleg arbeid i og utanfor kyrkja som organisasjon. I ei kortfatta ramme som her kan Arven gje berre spreidde døme, men håper å få fram eit bilete av det ein litt vidt kan kalle "kyrkja".

"Utviklinga"

Noko enkelt sagt var kyrkjelivet i Noreg - og i Hjartdal - fram til 1900-talet organisert rundt og prega av presten som utdanna, statleg/ kyrkjeleg embetsmann. Presten virka gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar som dåp, ekteskapsvigslar og gravferder og samtaler med folk, seinare og med konfirmasjon og konfirmantundervisning. Også skulen, oppretta med bakgrunn bl.a. i kyrkja, hadde ei formell rolle i kristendomsopplæringa, til 1960-talet. Kyrkja har og stått bak oppretting av td. sjukehus.

Attåt prest og skule kom det så på 1800-talet til ei rekkje nydanna misjonsforeiningar over heile landet, også i Hjartdal, og søndagsskulen voks fram. Utpå 1900-talet, og særleg

etter krigen, har det vakse fram enda meir organisert kristeleg verksemd. Samfunnsutviklinga har t.d. gitt befolkninga kortare arbeidstid, og betre høve til å bidra sjølv i kyrkjelivet. Mange har og sett korleis utviklinga og dei mange ulike røyster i samfunn og nye media har gjort det naudsynt med fleire folk til å bidra til at kyrkja kan høyrast med budskapet sin. Prestanes arbeidsformer er og utvida.

Hjartdal

Misjonsforeiningar og søndagsskule er omtalt elles i bladet her, og også kyrkja sjølv har særleg etter krigen nytta fleire nye arbeidsformer. Soknet nyttar t.d. familiegudstenester, m.a. ei årleg gudsteneste i Gvammen skule med bevertning etterpå og stor oppslutning. Sommarstid har det frå 1985 vore ei fast stulsmesse. For konfirmantane er det leir/tur, og dei samlar inn pengar til naudlidande ute i verda.

Ei lang periode var det folk i kyrkjelyden som dreiv Yngreslag for born under ungdomsskulealder. I nokre år var det Klubben for dei over

13 år. Etter at desse gav seg, vart Finnbekk rundt år 2000 eit tilbod for dei unge. På 1980–90-talet, og inn på 2000-talet, var det speidargrupper i Sauland, også for born og unge i Hjartdal og Tuddal.

Det har vore bibeltimar i kyrkja, og i kyrkjelyden har vore bibelgruppe for ungdom, Kvinnenenes internasj. bøn nedag og misjonsstemne. I fleire år heldt songlaget Sollys på. I kyrkja har vore konsertar - Rikskonsertar og folkekemusikk, og lokale utøvarar som Hjartdal musikkorps, Hjartdalskoret, barnegospel o.a. Organisten har og skipa til konsertar. Hjartdalskoret har songarar frå alle tre sokna. Større pengeinnsamlingar til misjon og naudlidande har vore på ulikt vis gjennom mange år. Det er samarbeid skule - kyrkje, med skulegudstenester. Eit nytt tilbod i soknet no er babysong.

Framover er det m.a. den landsomfattande trusopplæringsreforma, for alle døypte i alder 0-18 år, som har fokus også i Hjartdal sokneråd.

Kjelder: Arvenutgåver 1952-2012.

Smått og stort av hendingar

Også for kyrkja er det flest "vanlege dagar". Men her nemnast nokre hendingar i Hjartdal sokn - meir særskilde, eller som har ført med seg noko nytt. Mykje meir kunne skrivast, her er berre nokre glimt, frå siste ca. 80 år.

Første misjonsforeininga

Første misjonsforeining i Hjartdal ser ut til å vere det som starta som indremisjonslag i 1930. Frå 2001 er indremisjonen del av Normisjon, herav namnet Hjartdal Normisjon. Foreininga er ikkje styrt av Den norske kirke, men reknar seg å høyre til kyrkja.

2. verdskrig

Christoffer K.Kobro var prest frå 1935. Han var her som prest også ei tid inn i krigen, men vart bortvist av styresmaktene i mai 1944, og Flatin vart tilsett i Kobros stad. Kobro kom att som prest ved freden i 1945.

Kyrkjelydsbladet Arven

I okt. 1949 kom første nummer av kyrkjelydsbladet Arven ut. Sokneprest Aasulv Austad var drivkrafta for at bladet kom i gang. Første nr. var på 2 sider, men alt neste nummer var på 4 sider, som det har fortsett med.

Konfirmantkapper

Kvite kapper til bruk på konfirmasjonsdagen vart teke i bruk i 1962.

50-årskonfirmantar

Når det starta med markering for 50-årskonfirmantar i Hjartdal har ein ikkje funne ut her. Men omtale av det i Arven ser ein første gong i 1967.

Misjonærvigslar i kyrkja

I 1984 og 1985 var det vigslar av misjonærer i Hjartdal kyrkje. Lærer Anne Trydal vart vigsla i 1984. Ho var fleire periodar i Kamerun for NMS (Det norske misjonsselskap), til nyåret i 2001. I 1985 vart Synøve Våle vigsla, samstundes også til diakon, for arbeid i dåverande Santalmisjonen, seinare Normisjon. Ho var i Bangladesh i fleire periodar, til 2006.

Medan dei var i dei to landa, skreiv dei jamnleg brev i Arven som ga interessante innblikk i misjonsarbeidet og i land og folk der dei var.

Sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, nye stillingar

Stillingar og råd er kome til gjennom åra, særleg frå sokneråda kom i 1920 og framover. (Sjå også s. 6.)

Kongeparet på vitjing

Vitjinga frå kongeparet i 1996 i Hjartdal var ikkje ei kyrkjeleg hending i den forstand. Men opphald og program i Hjartdal fann stad på plassen innved kyrkja - med utsyn mot kyrkjeparken, elva og fjella.

Lisa Finchenhagen - samlar av viser og segner

Ei av døtrene til presten Søren H. Finchenhagen var Lisa (1832-1856). Lisa og mora Thomine samla mange segner, viser og folketonar frå Hjartdal.

Dei to vart blant kjeldene for segnene som M. B. Landstad reiste rundt og samla inn i bygda. Likeins fekk L. M. Lindeman viser, stev og folketonar frå dei i sitt samlararbeid, da han vitja prestegarden og hjartdalsbygdene.

Kjelde: AHW

Arven og kyrkja på internett

I 2005 kom Arven "på internett", med link til bladet og Den norske kyrkja på kommunens heimeside.

"Statskyrkja" under endring

I 2006 var det høyring over heile landet, også i Hjartdal sokn, om endringar i statskyrkjeordninga.

Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Kyrkja har i seinare år søkt å knytte kyrkjelydane til å stø misjon konkret med pengar og forbøn. Hjartdal knytta seg i 2008 til Den norske israelsmisjon, til ei kyrkje i Tel Aviv med stort mangfald i arbeid og kyrkjelyd.

Kjelder: A 5/2000, 7/1962, 4/1967, 7/1984, 7/1985, 8/1996, 5/2006, 1/2009, 6/2009, ATH, SV.

Hjartdalsklokkun

Nåde god, så ljøs ho lyser
kjørkja kâns, i dalen, sval.
Bânetru og håp ho hyser.
Ho er Hjartdals Katedral.
Herre når me te deg bed:
Fyll kânn med din fred!

Heimekjære, knytt te minne,
me i kjørkja har ei mor,
me kan gå te fe å finne
trøst i tonar og i ord.
Jesus, du som visar veg:
Me vil følgje deg.

Elska grendelag og lende
grøder på så god ein grunn.
Hjartdalsklokkun varslar hende.
Ringjer inn kvår sæle stund.
Heilagande kom kânn te.
Leid kânn hârr me e'!

Knut Buen

(skrive til kyrkjejubiléet, med tone til)

Helsing frå Hjartdal kyrkjelege fellesråd

Hjartdalskyrkja står kvitmåla og fin, den har gjennom 200 år vori ein samlingsstad for folk i bygda. Ved ulike merkedagar og høgtidsdagar, i sorg og glede, tru og von har generasjonar vore og er samla i kyrkja.

I dag og for komande slekter er det viktig å ta vare på kristenarven og kyrkja. Ynskjer bygd og kyrkje-lyd til lukke med jubiléet.

Sigrid Bekkhus,
leiar i Hjartdal kyrkjelege fellesråd



Foto:
Privat

Arvens jubileumsnummer

Stoffet er henta frå bøker, artiklar og tidlegare Arvenutgåver, og frå muntlege opplysningar om enkelte namn, årstal m.v. I tillegg kjem helsingar og anna nyskrive. Tekst, bilde, stoffredigering, layout er ved Frøydis Hagene Skoje, der det ikkje står oppgitt andre namn. (Bildet av biskopen s. 1 er frå internettsida til bispedømet). Det er sikkert emne og opplysningar som nokon saknar. Her kan og vere feil eller mistydingar. Med Arvens begrensa tid og ressursar har ein likevel forsøkt å gje eit oversyn over kyrkja i høve jubiléet.

Arven, mars 2012,
kst. redaktør Frøydis Hagene Skoje

Forkortingar nytta for kjeldenamn og foto:

A = Arven (med nr./ årstal)

Aftenposten = Aftenpostens nettutgave, publisert 18.4./12.10.2011 og 21.9./18.10.2011

AH = Arne Hardang, Kyrkje- og prestesoge for Hjartdal, 1994

AHW = Anne Haugen Wagn (artikkel på internettsida til HHL)

BA = Bratsberg Amtstidende, mai 1887

CNS = Christian Norberg-Schulz, i Kunst og kultur 1/1986

HHL = Hjartdal historielags internettside

H-soga = Hjartdalsoga, Gjertrud Kleveland Karlsrud, Hj. kommune 1987-2000

NMS = Det norske misj.selskap, internett

V = avisa Varden, april 1890 (BA og V: Frå utklipp hos HHL)

VK = Våre kirker, A. H. Rasmussen 1993

WS = Wilhelm Swensen. Hjartdal kirke gjenreist, artikkel i årsberetn. 1940, Foren. til norske fortidsminnesmerkers bevaring.

Samtaler, muntlege enkeltopplysningar (herunder kyrkjelydsmøtet i Hjartdal 11.3.2012): Jon Bekkhus, Kjetil Frøland (KF), Anne Trydal Hansen (ATH), Bjarne Kleivane (BK), Harald T. Løkslid (HTL), Ingerid Tora Nordbø (ITN), Venke Raundalen (VR), Gunvald Tho (GT), Helga Tho (HT), Synøve Våle (SV), Bjørg Aamaas (BAa), Signe Aamaas (SAa), Thorbjørn Aamaas.

Helsing frå Hjartdal kommune

Den flotte korskyrkja i Hjartdal fyller 200 år. Kyrkjesetet er ein høgtidleg samlingsstad ved mange forskjellige høve. Ifrå solfylte gledeshendingar til regnfulle sorgdagar. Fine kulturelle arrangement og eit hus der mennesket møter Herrens ord. Kyrjeklokkas elegante og stemningsfulle klang ved høgtider gir huset ein spesiell verdi for folk.

Gjennom 200 år har Hjartdal kyrkje vore ein bautastein for mange i bygda, og vil framleis vere eit sterkt symbol i lokalsamfunnet vårt.

Hjartdal kommune gratulerer bygda og kyrkjelyden med jubiléet, og ynskjer lykke til inn i nye tider.

Sven Tore Løkslid,
ordfører i Hjartdal kommune



Foto:
Kjell Aulie,
Varden

Jubileumsfeiring 2012

Når bladet her går i trykken, er jubileumsfeiringa fastsett slik:

**Søndag 22. april,
Hjartdal kyrkje kl. 11:**

Jubileumsgudsteneste.

Biskop Olav Skjevesland,

"Te' kjørkje"

Til kyrkje bli "te' kjørkje" på Hjartdalsdialekt. Dei gamle sa alltid at dei "va' te' kjørkje", eller "sku' te' kjørkje". Og det heng nok att hjå dei fleste framleis.

Første gongen eg var til kyrkje som eg minnest, var eg truleg 7 eller 8 år. ... Det var ein fin solskinssundag. Utan å vera sikker, kunne det vore like før slåtten tok til. Synest å hugse at små vindpust laga "bølger" i enga somme stader langs vegen.

... Det var sjølsagt veldig rart å koma inn i kyrkja. Eit så stort hus var det da inga mening i! Og så klokkene da! Dei song mykje mykje sterkare enn å høyre til frå heime. Det var som lufta skolv. Der var mange folk, og alle såg alvorlege ut.

... Det er godt, og gjer godt, å finne seg ein plass i Guds hus messesundagane. Det er liksom all verdas kjas og mas ikkje når innom tømmerveggene der. - Ein sundagstime med påminning og ettertanke skjemmer ikkje ut.

Halvor H. Sisjord
(utdrag frå tekst trykt i Arven i 2008)

Ingen stad talar stilla
som i heimekyrkja.
Der er ståket utestengt.
Men over stol og staup
eit kviskr att er hengt,
ørfint som ei aning
av snøfallsus i granskog.
Og som når fireldvenger
breier seg
i kvild mot blomen.

Det skal vere så.

Hysj: Det skal så lite til
å skiple freden,
Klokka knippar altfor høgt.
Eige hjarte dunkar
som eit stempel.

Hysj: Det er så god ei stille
i vårt heimbygd-tempel.

Halvor H. Sisjord
(utdrag frå dikt i høve Sisjordsøskna si overrekking av lysglobe, smidd av HHS, som gâve til Hjartdal kyrkje i 2003)

Hjartdalskoret, Hjartdal barne-
gospel og fleire tidlegare
tilsette tek del.

Takkoffer til Bibelmisjonen.

Fest på Misjonshuset etterpå.

Alle er velkomne!